



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/4809-

Dato
17. oktober 2025

Svar på spørsmål nr. 97 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

Kan samferdselsministeren leggje fram nye anslag på byggekostnader for Voldatunellen, og samtidig leggje fram kva dette eventuelt medfører i berekna overføring av desse kostnadane til innbyggjarane og næringslivet frå AP regjeringa, gjennom auka berekna bompengar?

Svar:

I samband med grunnlaget til Nasjonal transportplan 2025–2036 blei det utarbeidd kostnadsanslag for E39 Volda–Furene hausten 2022. Anslaget viser ein kostnad (P50) på 2,2 mrd. 2024-kr og eit anslått bompenggebidrag på 700 mill. 2024-kr.


Eg minner om at det er lokalpolitiske myndigheiter som til slutt skal vurdere kva som er eit akseptabelt bompengenivå i prosjektet, sett opp mot andre nytte- og kostnadsverknader av prosjektet og lokalpolitiske vurderingar.

Tabellen under viser oppdaterte bompengeberekning frå 2025 gitt eit bompenggebidrag på 700 mill. kr. Utrekningane er gjorde på eit overordna nivå. Det må takast atterhald om at resultatane kan endre seg seinare i prosessen som følgje av meir detaljerte og grundige analysar og vurderingar.

Gjennomsnittstakst	22 kr
Grunntakstar (skilta takstar):	
- <i>Takstgruppe 1</i>	32 kr
- <i>Takstgruppe 2</i>	64 kr
ÅDT i bomstasjonane i 2030	8 900 kjt/døgn

Bompenggebidraget	700 mill. kr
--------------------------	---------------------

Med helsing

A handwritten signature in black ink, reading "Jon-Ivar Nygård". The signature is written in a cursive, slightly slanted style.

Jon-Ivar Nygård